



Arkivnr: 2014/10492-7

Saksbehandlar: Roald Breistein

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet		

Planlegging av møtet i kontrollutvalet 25. - 26.8.2014

Bakgrunn for saka:

Kontrollutvalet har tradisjon for å halde eit møte i året utanom Bergen i kombinasjon med besøk i kommuneadministrasjoner, synfaringar/orientering på fylkeskommunale einingar eller på institusjonar el. i området som får fylkeskommunal støtte.

På bakgrunn av dette gjorde kontrollutvalet i møte 24.3.14 slikt vedtak:

«Kontrollutvalet ber om at sekretariatet førebur augustmøtet med lokalisering til indre Hardanger inkludert synfaring/besøk i kommune (-ar). Vidare er det ønskjeleg med synfaring/besøk på institusjonar el. i området som får fylkeskommunalt tilskot.»

Drøfting:

Det er avsett dagane 25. – 26.8.14 i kontrollutvalet sin møteplan til eit besøk til indre Hardanger. Sekretariatet vil i møte 6.5.14 legge fram ei skisse på korleis eit slikt besøk kan gjennomførast. Skissa vil innehalde forslag til overnattingsstad, aktuelle kommunar, fylkeskommunale einingar og institusjonar å besøke. Den vil også innehalde forslag til tema/orienteringar og synfaringar. Skissa vil vidare innehalde tidsforbruk på dei einskilde aktivitetane. Vi vil også legge inn i skissa nokre alternative aktivitetar dersom det ikkje let seg gjera å få gjennomført førstevalet. Etter at kontrollutvalet har diskutert skissa, og gjort dei endringar som er ønskjeleg, vil sekretariatet ta kontakt med dei einskilde aktørane og gjera naudsynte avtalar.

Konklusjon:

Sekretariatet tilrår at kontrollutvalet diskuterer den framlagte skissa for tur til indre Hardanger og gjer dei endringar som er ønskjeleg. Vidare vert det tilrådd at sekretariatet på bakgrunn av konklusjonen i kontrollutvalet får fullmakt til å arbeide vidare med detaljplanlegginga av turen.

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet godkjenner skisse, inkludert dei endringar som kjem fram i møtet, om tur til indre Hardanger i perioden 25. – 26.8.14.
2. Sekretariatet får fullmakt til å detaljplanlegga turen med utgangspunkt i vedteken skisse.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Roald Breistein
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

